

FOR GUD

*livet med Han
som er...*



MØTEPUNKT B

litt om serien

FOR GUD

Bibelen teiknar eit samansett, dynamisk og dels komplekst bilete av Gud. Som menneske har vi ein tendens til å gjere Gud meir eindimensjonal enn han er. Men å leve som etterfølgjarar av Jesus, er å sjå Han meir og meir slik Han er, lære å kjenne Han og Hans vilje stadig djupare. Denne serien ønskjer å løfte fram nokre karaktertrekk med Gud som kanskje kan kvalifisere og hjelpe oss i våre gudsbilete, slik at vi kan følgje han med større frimod og glede enn før. Kva vil konsekvensane av eit slikt gudsbilete vere, heilt konkret i liva våre? For kristne ønskjer å leve «for Gud». Ein heilag, kjærleg, rettferdig, nådig og levande Gud.

litt om tema:

HEILAG

Gud er ein heilag Gud. Han er annleis, utskild, adskild – ikkje berre på toppen av eit eller anna, men utanfor alt. Han er ubestridt, uendeleg og difor dels ubeskriveleg, ialle fall usamanliknbar. Jesaja gjer eit forsøk, og søker skildre korleis eit møte med Guds herligdom var for han. Og i denne skildringa, prega av mektige uttrykk, ropast det høgt frå himmelske vesen: Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot - medan jorda buldrar.

Guds heiladgom brenn vekk alle trivielle og forflata forsøk på å kontrollere eller gjere oss nytte av Gud, som om Han var eit middel mot eit mål eller eit verktøy i hendene våre.

Jesaja sin reaksjon? Den einaste logiske: Han fell til jorda og tenkjer det er ute med han. For i møte med Guds heilagdom blir ein ting klinkande klart: Eg er ikkje heilag! Eg kan ikkje matche Han. Ærefrykt, respekt, lydnad og håp om godleik og nåde er naturlege og naudsynte reaksjonar på Gud. Å leve for Gud er å føre eit liv med denne grunnkjensla i trua.

Livet med Han som er....



Bibel

Jes 6, 1-8

Spørsmål til teksten:

1. Kva var det Jesaja såg, hørde, lukta, kjende og smakte? Kva fortel desse sanseopplevingane oss om kven Gud er?
2. Kva rolle spelar englevesena *serafar* i denne teksten? Kvifor dekkjer dei seg med vingane?
3. Først etter at Jesaja får beskjed om at skulda hans er sona, får han høyre frå og tale til Gud. Kva fortel dette oss?



Rausheit

Takksam deling

Jesus seier (Matt 25) at når han skal sitje slik på trona og dømme, så er beskjeden: «Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.»

Kva har dette å seie i møte med den sure naboen, den urimelege kollegaen/medeleven, brysame tiggjarar eller fattige langt borte?



Fellesskap

Den ærlege samtalen:

1. Jesaja trur det er ute med han, fordi han har sett «kongen, Herren over hæskarane». Korleis passar dette biletet av Gud inn i det gudsbiletet du er van med?
2. Kjenner du til menneske som viser gjennom livsførselen sin at Gud er heilag? På kva måtar kan det visast igjen i liva våre?



Misjon

Gjennom deg og vidare

Jesaja si oppgåve med å formidle Guds bodskap til folket blei «kickstarta» av denne intense visjonen. Ønskjer du deg ei liknande oppleving? Kvifor eller kvifor ikkje, og kva trur du det hadde gjort med deg?



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at han er høgt over det vi kan tenkje oss, og at han likevel bryr seg om oss.
2. Be om at de skal bli minna om, på nytt og på nytt, kor majestetisk, mektig og underfull vår Gud er. Be om visdom til å forstå kven vi har med å gjere.
3. Be for kvarandre, og for dei tinga som gjer det vanskeleg å anerkjenne Guds heilagdom. Om det er sjukdom, distraksjonar, eiga synd eller noko andre har gjort: Be om at det ikkje må stå i vegen for å sjå Gud som heilag og oss sjølv som ikkje heilage.



FOR
GUD

litt om serien

FOR GUD

Bibelen teiknar eit samansett, dynamisk og dels komplekst bilete av Gud. Som menneske har vi ein tendens til å gjere Gud meir eindimensjonal enn han er. Men å leve som etterføljarar av Jesus, er å sjå Han meir og meir slik Han er, lære å kjenne Han og Hans vilje stadig djupare. Denne serien ønskjer å løfte fram nokre karaktertrekk med Gud som kanskje kan kvalifisere og hjelpe oss i våre gudsbilete, slik at vi kan følgje han med større frimod og glede enn før. Kva vil konsekvensane av eit slikt gudsbilete vere, heilt konkret i liva våre? For kristne ønskjer å leve «for Gud». Ein heilag, kjærleg, rettferdig, nådig og levande Gud.

litt om tema:

KJÆRLEG

Gud er kjærleik. Han er Fader, Son og Heilag Ande, bunde saman i fullkomen kjærleik. Og han elsker oss menneska. Alt som er blitt skapt har kjærleiken som opphav og naturleg ende-stasjon. Det gjer at kjærleiken ikkje berre er Guds gode kjensler i retning oss, eller våre fine følelsar i retning Gud eller kvarandre. Kjærleiken er grunnhaldninga om å opne opp og famne om alle, også når det kostar. Kjærleiken er tenande handling for andre sitt ve og vel, sjølv om prisen er høg. Kjærleiken er at Gud sende Sonen sin til soning for alle våre synder.

Og Guds kjærleik er blitt fullenda i oss når vi kan stå framføre ein heilag Gud på den siste dagen, ikkje med frykt, men med frimod. Tenk det! For kjærleiken driv frykta ut. Å leve for Gud er å leve i denne kjærleiken. Kvar dag. I møte med vener og med dei eg ikkje likar. I møte med dei som er like meg, men også i møte med dei som har heilt andre verdiar, verdsbileter og som er så ulik meg.

Livet med Han som er....

KJÆRLEG



Bibel

1. Joh 4, 7-21

Spørsmål til teksten:

1. På kva måte fortel vers 9 og 10 at vi kan vite noko handfast om Guds *agape*, hans usjølviske kjærleik? Kan de tenkje på døme som illustrerer det?
2. Korleis legg vers 11 og 21 føringar for kva det vil seie å vere kristen?



Rausheit

Takksam deling

Kanskje noko av det mest radikale Jesus bed oss om å gjere, er når han byd oss i bergpreika om å elske fiendane våre (Matt. 5, 44). Det er godt mogleg du ikkje så mange du tenkjer på som «fiendar», men kva konkret kan du gjere for folk som mislikar deg eller som ikkje har behandla deg rettferdig?



Fellesskap

Den ærlege samtalen:

1. Treff det deg når du høyrer at «Gud elsker deg»? Kvifor eller kvifor ikkje, trur du?
2. Kjenner du til menneske som viser gjennom livsførselen sin at Gud er kjærleg? På kva måtar kan det visast igjen i liva våre?



Misjon

Gjennom deg og vidare

Ingen har nokon gong sett Gud, står det i vers 12. Korleis fortel denne bibelteksten at folk rundt oss likevel kan få sjå Guds godleik?

Har du idear til kva du åleine, de som gruppe, eller eit større fellesskap kunne gjort for å vise fram Guds godleik der de bur? Kva skal til for å gjennomføre ideane?



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at han er evig, fullkomen kjærleik, og for at han lar oss få del i sitt treeinige kjærleiksfellesskap.
2. Be om at vissheita om å vere elska av Gud må få synke inn i dykk, og at det må utruste dykk til å elske andre.
3. Be for kvarandre, og for dei tinga som gjer det vanskeleg å ta imot Guds kjærleik eller å elske nestane dykkar.



FOR
GUD

litt om serien

FOR GUD

Bibelen teiknar eit samansett, dynamisk og dels komplekst bilete av Gud. Som menneske har vi ein tendens til å gjere Gud meir eindimensjonal enn han er. Men å leve som etterfølgjarar av Jesus, er å sjå Han meir og meir slik Han er, lære å kjenne Han og Hans vilje stadig djupare. Denne serien ønskjer å løfte fram nokre karaktertrekk med Gud som kanskje kan kvalifisere og hjelpe oss i våre gudsbilete, slik at vi kan følgje han med større frimod og glede enn før. Kva vil konsekvensane av eit slikt gudsbilete vere, heilt konkret i liva våre? For kristne ønskjer å leve «for Gud». Ein heilag, kjærleg, rettferdig, nådig og levande Gud.

litt om tema:

LEVANDE

Av og til, i livet for Gud, kan han kjennast fjern. Gud, som vi trudde skulle gjere bestemte ting i livet vårt, gjorde ikkje akkurat det vi hadde tenkt. Så vert vi forvirra. Det er ei vanleg og normal kjensle i det kristne livet. Guds fråvær får oss til å lengte etter Hans nærvær. Men uansett kjensler eller ikkje: Gud ER! Han er levande. I vår forvirring kan vi av og til gjer Gud om til eit intellektuelt konsept, ei nødvendig forankring for moral, positive verdiar eller ideologi for politisk revolusjon.

Men Han er Gud - Han er levande. Difor er å leve for Gud alltid eit liv i relasjon til Han. I bibel og bøn, i måltidsfellesskapet som opnar augo våre for at Jesus lever, i fellesskapet med andre kristne. Joda, vi ber på livets ubesvarte spørsmål, skuffelsar og forhåpningar, men vi får gjere det samstundes som vi erfarer at Gud grip inn, at Han syner seg som levande. Å leve for Gud er å stole på at han har makt til å føre deg fram dit du skal, til dei du skal – for Han lever!

Livet med Han som er....



Bibel

Luk 24,13-34

Spørsmål til teksten:

1. Kva er det som endrar seg i haldninga og kjenslene til dei to disiplane gjennom denne teksten? Kva får denne endringa dei til å gjere?
1. Kva konkret var det som fekk «hjarta til å brenne» (sjå v 27 og 32)? Kva fortel dette oss om løfta i det Gamle Testamentet?



Rausheit

Takksam deling

Det var måltidsfellesskapet med Jesus som opna auga på disiplane, så dei skjønnte kven dei hadde med å gjere.

Kva slags fellesskapsopplevingar kan du invitere folk inn i, som viser dei at levande tru er noko anna enn berre læresetningar?



Fellesskap

Den ærlege samtalen:

1. Opplev du å ha med ein *levande* Gud å gjere? Har du erfaringar av dette som du kan dele med dei andre?
2. Kjenner du til menneske som viser gjennom livsførselen sin at Gud er levande? På kva måtar kan det visast igjen i liva våre?



Misjon

Gjennom deg og vidare

Oppstoda stod heilt sentralt i det dei første kristne fortalde til andre (som t.d. i 1. Kor 15,3-7), men desse disiplane er lite overbevisande i v. 21-24.


Korleis kan vi fortelje truverdig og godt om oppstoda til nokon som ikkje trur? Prøv gjerne eit lite rollespel i gruppa, så de får testa ut å fortelje om det.



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at Han ikkje er noko svevande konsept, men ein levande person.
2. Be om nærleik og fellesskap med han, og be om at Anden må få opne auga våre så vi kjenner Han.
3. Be for kvarandre, og for dei tinga som gjer det vanskeleg å forhalde seg til eller halde fast på den levande Gud.



litt om serien

FOR GUD

Bibelen teiknar eit samansett, dynamisk og dels komplekst bilete av Gud. Som menneske har vi ein tendens til å gjere Gud meir eindimensjonal enn han er. Men å leve som etterfølgjarar av Jesus, er å sjå Han meir og meir slik Han er, lære å kjenne Han og Hans vilje stadig djupare. Denne serien ønskjer å løfte fram nokre karaktertrekk med Gud som kanskje kan kvalifisere og hjelpe oss i våre gudsbilete, slik at vi kan følgje han med større frimod og glede enn før. Kva vil konsekvensane av eit slikt gudsbilete vere, heilt konkret i liva våre? For kristne ønskjer å leve «for Gud». Ein heilag, kjærleg, rettferdig, nådig og levande Gud.

litt om tema:

RETTFERDIG

Ein ganske vanleg frase i alle småbarnsheimar er: «Det er urettferdig». For hukommelsen er sjølv sagt selektivt innstilt på å hugse alle gongane ein kom ufordelaktig ut av ein situasjon, medan søskena fekk det mykje enklare. Urettferd er når det er eit misforhold mellom slik det er og slik det burde vore. Og du skal ikkje sjå lenger enn til eige liv før ein oppdagar at: joda – det er plenty av urettferd. Men vår Gud er ein rettferdig Gud og vil alltid adressere misforholdet mellom slik det er, og slik Han etter sin gode skaparvilje, vil at det skal vere. Det er samstundes godt og dårlig nytt for oss. Dårlig fordi vi er alle saman er urettferdige og gjer urett. Godt nytt fordi Gud sjølv, den rettferdige, tek på seg vår urett og gjennom trua gjev oss si rettferd. Gud set ting i rett stand att, fører menneske inn i ein rettferdig relasjon til seg og medmenneske. Å leve for Gud er å både ta ansvar for og omvende seg frå den uretten og urettferda ein skapar sjølv, men også å kjenne at urettferda i verda er noko som angår oss. Guds rettferd har alltid til hensikt å skape fred, og du og eg er agentar for den freden gjennom livet vi lev.

Livet med Han som er....

RETTFERDIG



Bibel

Jes 11, 1-10
Spørsmål til teksten:

1. Isai var far til kong David. Kva kan det bety når denne rettferdige kongen skal vere både ein kvist oppe frå stubben av denne slekta, og samtidig eit skot frå røtene? (v 1)
2. Og kva skal vi meine om profetien i v 10, der det står at folkeslaga skal søkje til denne kongen, «Isais rotskot»? Har det skjedd?
3. Kva med visjonen i v 6-9? Har det skjedd?



Rausheit

Takksam deling

Kva gjer de eller kan de gjere, konkret, som gjer verda nokre hakk meir rettferdig. Fortel kvarandre om ting de støttar økonomisk eller praktisk, og kvifor det er rett og viktig!



Fellesskap

Den ærlege samtalen:

1. Har du opplevd at livet er urettferdig? Kva gjer du med det?
2. Reagerer du ulikt på første og siste del av vers 4? Kvifor eller kvifor ikkje, trur du?
3. Veit du om nokon, frå bøker/film eller i verkelegheita, som viser gjennom livsførselen sin at Gud er rettferdig? På kva måtar kan det visast igjen i liva våre?



Misjon

Gjennom deg og vidare

Eit evangelium som berre bryr seg om den «andelege» sida ved menneska er ikkje noko særleg til gledebodskap. Veit du noko om korleis kristen misjon har gjort livet betre og meir rettferdig for folk her til lands eller i utlandet? Er det framleis jobb igjen å gjere for misjonærar?



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at han er ein Gud som ser alt som skjer med oss, og som ikkje toler urett.
2. Be om hjelp til å tilgje, og om å leggje dommen i Guds hender.
3. Be for kvarandre, og for dei tinga som gjer det vanskeleg å kjenne at Gud er rettferdig



FOR
GUD

litt om serien

FOR GUD

Bibelen teiknar eit samansett, dynamisk og dels komplekst bilete av Gud. Som menneske har vi ein tendens til å gjere Gud meir eindimensjonal enn han er. Men å leve som etterfølgjarar av Jesus, er å sjå Han meir og meir slik Han er, lære å kjenne Han og Hans vilje stadig djupare. Denne serien ønskjer å løfte fram nokre karaktertrekk med Gud som kanskje kan kvalifisere og hjelpe oss i våre gudsbilete, slik at vi kan følgje han med større frimod og glede enn før. Kva vil konsekvensane av eit slikt gudsbilete vere, heilt konkret i liva våre? For kristne ønskjer å leve «for Gud». Ein heilag, kjærleg, rettferdig, nådig og levande Gud.

litt om tema:

NÅDIG

Nåde er det som gjer kristen tru annleis enn alle andre religiøse system. At Gud aksepterer og bergar oss på bakgrunn av den frelsande innsatsen Jesus gjer for oss gjennom døden på korset og ikkje gjennom den eigeninnsatsen vi kan mønstre på, er merkeleg, uforklarleg og heilt annleis enn alt anna. Kvifor er det slik? Vel: Synda si løn er døden. I våre haldningar og handlingar er det ein grunnstraum av opprør mot Gud og hans herredømme. I oss sjølve er vi difor døde, utan moglegheit til å fortene frelse. David, som har skrive salme 51 er akkurat her. Men takk og lov: Gud er også ein nådig Gud. Han kan tilgje, reinse og gje ny start.

Vi treng Guds gjennomgripande nåde i livet for å leve det kristne livet. Nåden snur opp ned på alt. Å leve for ein nådig Gud brukar t.d. ikkje livet som eit middel for å oppnå frelse, men som takksam og tillitsfull respons på den frelsa som er gjeve oss av nåde – ved tru. Og slik skuldar vi å møte kvarandre også – med nåde. Nåden frigjev fokus bort frå oss sjølv og mot neste vår og gjer oss og kreative på korleis vi kan elske andre godt.

Livet med Han som er....



Bibel

Salme 51, 1-14
Spørsmål til teksten:

- 1. Kva
- 2. Korleis



Rausheit

Takksam deling

BLAbla

NÅDIG



Fellesskap

Den ærlege samtalen:

- 1. Opplev du
- 2. Kjenner du til menneske som viser gjennom livsførselen sin at Gud er nådig? På kva måtar kan det visast igjen i liva våre?



Misjon

Gjennom deg og vidare


BLAbla



Bøn

Takk, bøn og forbøn

- 1. Takk Gud for
- 2. Be om
- 3. Be for kvarandre, og for dei tinga som



FOR GUD